



Steinen går utfor Vettetind ved 18.30-tida torsdag kveld. (Foto: Møyfrid Kristoffersen)

**Ei gruppe på fire personar dreiv med ein farleg "sport" torsdag kveld: Dei rulla grov stein ned frå Nåso, nærare bestemt frå toppen av Vettetind og ned mot Musland. Steinrullinga gjekk føre seg ved halv sju-tida.**

Eit familieselskap som sat på ein terrasse ved Musland hørde dunder og brak frå fjellveggen og trudde det var eit kraftig ras på gang. Men så såg dei mot himmelen dei som var i gang med "sporten". Tre stod på ein stad og ein stod åleine på ein annan og steinane rasa ned mot Nonskar og vidare.

Steinrullinga gjekk føre seg fem-seks gonger og fleire steinar gjekk utfor kvar gong. Steinane som rasa utfor tok med seg nye og stoppa ikkje før dei var nede i skogen mot Uskedalselva.

- Steinane passerte på vegen ned nokre av dei mest populære klatrerutene i Ulvanåso. Kanskje er denne veggen den aller mest populære og det er stadig klatrarar å sjå der, fortel Anders og Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no.

Dei er sjokkerte over hendinga og aktar å melde frå om ho til lensmannen.

Av Ola Matti Mathisen

